



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Retningslinjer for faktisk leiar i inkassoføretak

RUNDSKRIV:
9/2012

DATO:
22.03.2012

RUNDSKRIVET GJELD FOR:
Framandinkassoføretak
Filialar av utanlandske
framandinkassoføretak
Oppkjøps-/eigeninkassoføretak

Det følgjer av inkassolova § 5 første ledd bokstav a) at inkassoføretak skal ha ein faktisk leiar med personleg inkassobevilling. Etter § 6 første ledd skal faktisk leiar påse at inndriving av forfalne pengekrav blir gjennomførte etter lov og forskrift.

Finanstilsynet vil i tilsynsverksemda si leggje til grunn at kontrollansvaret til faktisk leiar særleg omfattar desse pliktene:

- 1) Kartleggje risikoområde ved inndrivingsprosessen
- 2) Etablere skriftlege rutinar for inndrivingsprosessen
- 3) Etablere løpende kontrollaktivitetar for å avdekke systematiske avvik/feil i tilknyting til desse områda:
 - Salær-/renteberrekning
 - Formuleringar i kravbrev
 - Tidspunkt for utsending av kravbrev
 - Behandling og avstemming av klientmiddel
 - Kontrollere oppdragsgivaravtaler for å påse at eventuelle ytingar til oppdragsgivar er innafor rammene av lovleg «pay back»
 - Følgje opp fastsette rutinar for inndrivingsprosessen
 - Sjå til at det blir stilt tilstrekkeleg sikkerheit
- 4) Løpende gjennomgang og evaluering/revisjon av fastsette rutinar og kontrollaktivitetar.

Omfanget og kor ofte faktisk leiar må gjere kontrollar i verksemda si, er avhengig av omfanget på inkassoverksemda. Dette omfattar talet på saksbehandlarar og kva for erfaring dei har, kva slags oppdragsgivarar verksemda har, kva for krav som den konkrete inkassoverksemda driv inn og i kva grad ulike delaktivitetar i inndrivingsprosessen er automatiserte.

Finanstilsynet skal ha skriftleg melding når det er endringar i den faktiske leiinga i inkassoføretaket. Fleire faktiske leiarar på same kontorstad har felles kontrollansvar, med mindre det er meldt til Finanstilsynet om ei avtalt fordeling av ansvarsområde.

Hovudregelen er at faktisk leiar må vere fysisk til stades der inkassoverksemda blir utøvd. Finanstilsynet kan godkjenne at ein person er faktisk leiar for meir enn eitt kontor.

Eirik Bunæs
direktør for marknadstilsyn

Wilhelm Mohn Grøstad
seksjonssjef

Kontaktpersonar:

Rådgivar Linda M. Vestheim-Vigeland, tlf. 22 93 97 32,
e-post: linda.marie.vestheim-vigeland@finanstilsynet.no
Spesialrådgivar Stein Tore Næprud, tlf. 22 93 98 07,
e-post: stein.tore.naeprud@finanstilsynet.no

FINANSTILSYNET
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo
POST@FINANSTILSYNET.NO
WWW.FINANSTILSYNET.NO